



Osterøy kommune
RÅDHUSET
5282 LONEVÅG

Referanser:

Dykkar:
Vår: 16/1114 - 23/5383

Saksbehandlar:

Knut Trefall
knut.trefall@vaksdal.kommune.no

Dato:

05.05.2023

Høyring og offentleg ettersyn – Områdereguleringsplan for Vaksdal, planID 2016001

Forslag til områdereguleringsplan for tettstaden Vaksdal, planID 2016001 vert med dette lagt til offentleg ettersyn og sendt til høyring etter Plan- og bygningslova §§ 5-2 og 12-10.

Bakgrunnen for planarbeidet er regjeringa sitt vedtak om å utarbeida nye trasèar for E16 og dobbeltspora jernbane for strekninga Arna – Stanghelle. Statleg reguleringsplan for prosjektet vart vedtatt 1. april 2022 og vil ha verknad for utviklinga av staden Vaksdal. I samband med vedtaket vart tiltak for bane og veg avklart og prosjektet legg viktige premiss for områdeplanen og utforminga av eit nytt Vaksdal sentrum.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for at stasjonsbyen Vaksdal kan veksa og utviklast vidare til ein fleirfunksjonell stad med bustader, næring, handel, offentleg og privat tenesteyting, blågrøne strukturar, møteplassar, friluftsliv og naturopplevingar. Vaksdal skal planleggast for ei framtidig auke i folketal og tilreisande, og utviklinga skal forankrast i staden sin natur og lokale historie. Forslagsstillar er Vaksdal kommune, med plankonsulent Henning Larsen/Rambøll.

Planforslaget som no vert sendt til høyring og offentleg ettersyn finn de på kommunen sin heimeside www.vaksdal.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/hoyringar/. Papirutgåva er tilgjengeleg i Innbyggjarservice på Heradshuset og biblioteka på Dale og Vaksdal.

Høyringsfrist for å kome med merknadar er 18. juni 2023.

Alle merknadar skal merkast - «Høyring Områdeplan for Vaksdal» (emnefeltet i e-post), og sendast til post@vaksdal.kommune.no. Dersom ein ikkje har tilgang til e-post, kan merknaden bli sendt som brev til: Vaksdal kommune, Konsul Jepsensgate 16, 5722 Dalekvam.

Med helsing

Knut Trefall
Samfunnsplanleggjar

